




Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes



2020 | 2021
TURISTVEGARBEIDET



Statens vegvesen

- 
- 3 Forord
 - 4 Turistveganleggene 2020 - 2021
 - 6 Økt lønnsomhet langs turistvegene
 - 8 Nytt forum styrker merkevaren
 - 10 Valdresflye - forretningsdrift og verdiskaping
 - 12 Vøringsfossen - trinnvis sterkare turistveganlegg
 - 14 Torghatten - tilrettelegging med nennsom hånd
 - 16 Kunst i verdensklasse på Finnmarkskysten
 - 18 Økonomi og framdrift

*Toalettbygget med ny stålhette ved Oscarshaug rasteplass, Nasjonal turistveg Sognefjellet.
Arkitekt: Jensen & Skodvin arkitektkontor AS. Foto: Lars Grimsby*

Omslag: Nasjonal turistveg Atlanterhavsvegen, ved rasteplassen Eldhusøya. Foto: Jan Helge Birkelund

FORORD

Nasjonale turistveggar er gjennom eit målretta arbeid i snart 30 år blitt ein turistattraksjon som får stor internasjonal merksemd, freistar vegfarande turistar til Norgesferie og bidreg til verdiskaping i tråd med satsinga sin hensikt.

I 2020 stadfesta ein tredje analyse frå Menon Economics at Nasjonale turistveggar medverkar til auka lønsemd hjå reiselivsbedriftene langs alle dei seks strekningane som så langt er analysert. Turistvegforumet for nasjonale Turistveggar skal bidra til at denne veksten held fram og at attraksjonen Nasjonale turistveggar blir halden i hevd og vidareutvikla til inspirasjon og glede både for vegfarande turistar og norsk reiseliv.

Frå 2024 skal dei 18 nasjonale turistvegane stå fram som ein heilskapleg attraksjon. Dette føreset at dei 16 prosjekta som blir fullført i 2020-2021 blir følgt opp med ytterlegare 22 prosjekt innan turistsesongen 2024. I vidareføringa av attraksjonen framover mot 2029 inngår det ytterlegare 32 prosjekt. Samtidig er det avgjerande at gjennomførte tiltak blir oppgradert og fornya, og at dei mange vegeigarane sørgjer for god drift og dagleg vedlikehald i tråd med inngåtte avtalar.

Ti store attraksjonar kom inn på handlingsprogrammet for Nasjonale turistveggar i 2008. I 2020 er seks av desse fullført. Det same er eitt av to byggetrinn i satsinga på fjellterminalen Gjende, samt to av fire etappar i utviklinga av reiselivsikonet Vøringsfossen. Den spenstige trappebrua skapte massiv internasjonal begeistring i 2020, men også delte meiningar om forholdet til norsk natur. Fullføring av Vøringsfossen, Gjende og Torghatten er viktige element i turistvegsatsinga dei kommande åra. Alle dei store attraksjonane er gjennomført som spleiselag med lokale og regionale bidrag.

Steilneset minnestad med Louise Bourgeois sitt intense kunstverk blei opna av HM Dronning Sonja i Vardø i 2011. Ti år seinare kjem Roni Horn sin ettertenksame glaskunst i Havøysund. Begge er amerikanske kunstnarar blant dei ypparste i verda, begge har fått bistand frå dyktige arkitekter, den eine blei inspirert av ei dramatisk og sterk historie, den andre av naturen.

I 2021 får ni nye tiltak si offisielle opning. Velkommen til stadig nye opplevingar langs Nasjonale turistveggar.

Jan Andresen

Jan Andresen

Seksjonsleiar

Statens vegvesen, Nasjonale turistveggar



1



2



3



4



5

1. Trappebrua over Bjoreio, Vøringsfossen, Nasjonal turistveg Hardangervidda. Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk AS. Foto: Frid-Jorunn Stabell.
2. Flye 1389, Nasjonal turistveg Valdresflye. Arkitekt: Knut Hjeltnes AS. Foto: Silja Lena Løken.
3. Refsnesstranda, Nasjonal turistveg Jæren. Arkitekt: Lie Øyen Arkitekter. Foto: Fredrik Fløgstad.
4. Høllesli, Nasjonal turistveg Ryfylke. Arkitekt: Lie Øyen Arkitekter. Foto: Frid-Jorunn Stabell.
5. Mefjordvær, Nasjonal turistveg Senja. Arkitekt: Fur Arkitekter. Foto: Frid-Jorunn Stabell.

Turistveganleggene 2020-2021

Målet i Nasjonal transportplan 2018 - 2029 og oppfølgende budsjettproposisjoner fra Samferdselsdepartementet er at Nasjonale turistveger skal framstå som en helhetlig attraksjon i løpet av 2023. Grunnlaget for dette er en portefølje på 46 nye prosjekter i seksårsperioden 2018 - 2023.

I 2020 ble ni prosjekter fullført, med Flye 1389 og trappebrua over Vøringsfossen som de to største. Som følge av Covid19-situasjonen ble bare fire av prosjektene offisielt åpnet. Disse vil bli markert våren 2021. I løpet av 2021 skal ytterligere sju tiltak gjennomføres og fire prosjekter som vil stå ferdig i 2022 startes opp.

Arbeidet med turistvegprosjektene følger i prioriteringen i budsjettproposisjonene, men med noen forsinkelser. Utsiktspunktet Hårr på Jæren (foreslått i 2021) utgår som følge av manglende lokal tilslutning. Rasteplassen Sjonfjellet langs Nasjonal turistveg Helgelandskysten (som var forutsatt startet opp i 2020) avventes på grunn av vindkraftplaner. Antallet fullførte turistvegprosjekter ved utgangen av 2021 vil være 167.

FULLFØRT I 2020:

Flye 1389, Valdresflye

Kafe, rast og parkering i høyfjellet
Arkitekt: Knut Hjeltnes AS

Refsnesstranda, Jæren

Toalett og parkering ved friluftsområde
Arkitekt: Lie Øyen Arkitekter

Hølllesli, Ryfylke

Utsikt mot Lysefjorden
Arkitekt: Lie Øyen Arkitekter

Vøringsfossen etappe 2, Hardangervidda

Trappebru, utsiktspunkt og stiltak
Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk AS

Oscarshaug, Sognefjellet

Fornyning av toalett
Arkitekt: Jensen & Skodvin Arkitektkontor

Moskenes, Lofoten

Toalett/venterom og rast ved ferjeleie
Arkitekt: Vardehaugen AS

Mefjordvær, Senja

Toalett, parkering og rast ved molo
Arkitekt: Fur Arkitekter

Mortensnes, Varanger

Parkering og uteområder ved museum
Arkitekt: Inge Dahlman

Domen, Varanger

Fuglekickerskjul og parkering
Arkitekt: Biotope

FULLFØRES I 2021:

Ropeid, Ryfylke

Rasteplass på nedlagt ferjeleie
Arkitekt: KAP - Kontor for Arkitektur og Plan

FlESEfossen, Ryfylke

Rasteplass med toalett
Arkitekt: Haugen/Zohar Arkitekter

TyrvefjØra, Hardanger

Toalett på rasteplass ved fjorden
Arkitekt: Helen & Hard

Espeneset, Hardanger

Rasteplass med toalett ved Sørfjorden
Arkitekt: Code arkitektur

Hestad, Gaularfjellet

Toalett, utsiktsrampe og rast ved kulturminne
Arkitekt: Fortunen AS

Trælvikosen, Helgelandskysten

Rasteplass, sti og utsiktspunkt
Arkitekt: Snøhetta

Ørahaugen, Havøysund

Kunst i bygg
Kunster: Roni Horn
Arkitekt: Jensen og Skodvin Arkitektkontor

OPPSTART 2021:

Madland havn, Jæren

Rasteplass med toalett og stormhytte
Haugen/Zohar Arkitekter

Vøringsfossen etappe 3, Hardangervidda

Utsiktspunkt, stier, sikring og toalett på Fossetromma
Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk AS

Eikelandsfossen, Gaularfjellet

Rasteplass og utsiktspunkt
Arkitekt: Fortunen AS

Sundshopen rasteplass, Helgelandskysten

Rasteplass med toalett og vorr
Arkitekt: Rever & Drage



Eldhusøya cafe, Atlanterhavsvegen.
Foto: Roger Ellingsen.



Analysebyrået Menon Economics effektmålinger viser økt lønnsomhet og lokal verdiskaping for reiselivsnæringen langs Nasjonale turistveger.

Økt lønnsomhet langs turistvegene

En tredje effektanalyse bekrefter trenden; Nasjonale turistveger bidrar til økt lønnsomhet også hos reiselivsbedrifter langs Atlanterhavsvegen og i Ryfylke.

Menon Economics rapport «Effektmåling av Nasjonale turistveger - Lokaløkonomiske effekter av de nasjonale turistvegene Atlanterhavsvegen og Ryfylke» er gjennomført på oppdrag av Statens vegvesen og bygger på analyserte regnskapstall fra bedrifter langs de to turistvegene. Rapporten støtter funn i Menons tilsvarende undersøkelser i 2017 og 2019. Da fant analysebyrået klare positive effekter av turistvegsatsingene i Varanger og Rondane og på Senja og Gaularfjellet. Ifølge alle de tre rapportene har sterk vekst i verdiskaping kommet etter ferdigstilling av store og viktige arkitekturinstallasjoner langs strekningene.

Den nye analysen viser at reiselivsbedriftene langs Nasjonal turistveg Atlanterhavsvegen i perioden 2013-2018 har fått økt verdiskaping med over 50 prosent. Verdiskapingen i handelsbransjen har også vært betydelig sterkere enn hos referansegrupper lokalt, regionalt og nasjonalt. Langs Atlanterhavsvegen har veksten i hovedsak kommet i allerede etablerte bedrifter, men investeringsviljen har også tatt seg betydelig opp og mange planer er i ferd med å realiseres.

Langs Nasjonal turistveg Ryfylke har investorer sett verdien av kombinasjonen veg, natur, arkitektur og kultur, noe som ifølge Menon Economics har bidratt til flere nyetableringer de siste par årene. Både reiselivsbedrifter og handelsaktører langs strekningen har doblet verdiskapingen de siste 10 årene. Mens den søndre delen av strekningen har høstet positive effekter av turisttrafikken til og fra Preikestolen, har satsingen på arkitektur de siste årene gitt positive utslag langs strekningens nordre del.

Parallelt med Menons analyser har Statens vegvesen gjennomført kvalitative intervju med 20-30 aktører langs de samme strekningene. Disse viser sammenfallende funn som i Menon sine undersøkelser; turistvegsatsingen har positiv effekt på bedriftenes lønnsomhet og bidrar dermed til lokal verdiskaping.

Verdiskapingsveksten på seks turistvegar - ei oppsummering

| Nasjonal turistveg | Rapp. år | Analyse-periode | Verdiskapingsvekst | |
|--------------------|----------|-----------------|--------------------|-----------|
| | | | Strekning | Regionalt |
| Rondane | 2017 | 2007 - 2015 | 90 % | 45 % |
| Varanger | 2017 | 2010 - 2015 | 80 % | 40 % |
| Senja | 2019 | 2010 - 2017 | 200 % | 50 % |
| Gaularfjellet | 2019 | 2010 - 2017 | 60 % | 40 % |
| Ryfylke | 2020 | 2015 - 2018 | 30 % | 15 % |
| Atlanterhavsvegen | 2020 | 2013 - 2018 | 50 % | 35 % |



*Stegastein, Nasjonal turistveg Aurlandsfjellet. Arkitekt: Todd Saunders og Tommie Wilhelmsen.
Foto: Jarle Kjetil Rolseth.*

Stegastein (over) og Sohlbergplassen (neste side), begge fra 2006, er installasjoner som med styrke og karakter har bidratt til å bygge merkevaren Nasjonale turistveger. Stegastein ble i 2008 det mest kommuniserte Norgesbildet internasjonalt, ifølge utenriktjenesten og norsk reiselivsnæring. Sohlbergplassen har navn etter kunstmaleren Harald Sohlberg. Utsiktspunktet byr på samme panorama som hans berømte verk Vinternatt i Rondane (1914) som vises i Nasjonalgalleriet i Oslo.

Nytt forum styrker merkevaren

Et nytt bindeledd mellom reiselivet og Statens vegvesen ble etablert i 2020. «Turistvegforumet for nasjonale turistveger» skal fremme bruk og videreutvikling av attraksjonen.

Turistvegforumets oppgave er å bidra til målrettet engasjement - nasjonalt, regionalt og lokalt - for å sikre at turistvegsatsingen inspirerer og utfordrer til økt verdiskaping langs turistvegstrekingene og at attraksjonen Nasjonale turistveger holdes i hevd og videreutvikles.

Forumet skal:

- Drøfte og gi råd i prinsipp saker for norsk reiseliv som vedkommer Nasjonale turistveger.
- Inspirere til bruk av turistvegsatsingen for å heve kvaliteten på reiselivsproduktet, profileringen og markedsføringen i egen organisasjon og hos andre aktører.
- Bidra til at Nasjonale turistveger har det politiske grunnlaget med tilhørende bevilgninger som må til for å sikre «evig liv» som nasjonal attraksjon i statlig eie, med nødvendige ressurser til utvikling, vedlikehold og fornying.
- Vurdere større utbygginger som utfordrer turistvegkvaliteten (som kraftutbygging, veganlegg, industrianlegg og andre tiltak med store landskapskonsekvenser).
- Gi råd til Statens vegvesen om eventuell fjerning av turistvegstatus eller endringer som må til for å beholde status, samt gi råd ved eventuelle framtidige opptak av nye strekninger.

Kvalitetsrådet for Nasjonale turistveger som ga sine råd til turistvegearbeidet fra det startet opp i 1999 fram til 2015.

Ifølge reiselivsnæringen vil nordmenn foretrekke å oppleve sitt eget land også i årene fremover med bilen som et viktig transportmiddel. Turistvegforumet betrakter her Nasjonale turistveger som et nav for norsk reiseliv og som bidrar til å spre turistene geografisk.

Nasjonale turistveger skal fremstå som en helhetlig attraksjon innen 2024, men utviklingsarbeidet stopper ikke der. Det ligger per i dag planer om flere nye installasjoner og videreutvikling av turistvegene fram til 2029, og også etter det. Samtidig må det sørges for nødvendig drift, vedlikehold, fornyelser og forvaltning, for å sikre turistveggenes attraksjonsverdi.

Turistvegforumet ledes av direktør Per-Arne Tuftin i Norsk reiseliv. De øvrige seks medlemmene kommer fra Innovasjon Norge, Virke reiseliv, Nordnorsk reiseliv, Visit Nordvest, Fjord Tours Group og De Historiske Hotel og Spisesteder.

Sohlbergplassen, Nasjonal turistveg Rondane. Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk AS. Foto: Foto: Tonje Tjernet.





1



2



3



4

1. Flye 1389. Foto: Frid-Jorunn Stabell. 2. Reinsvangen, Gjende. Foto: Tonje Tjernet. 3. Rjupa. Foto: Jarle Kjetil Rolseth. 4. Vargebakkane. Foto: Jarle Kjetil Rolseth.



Valdresflye - forretningsdrift og verdiskaping

Der vegen over Valdresflye er på sitt høgaste og ved porten til Jotunheimen ved Gjende har Statens vegvesen lagt til rette for lokal forretningsdrift og verdiskaping, men eitt byggetrinn står att.

I 2020 opna høgfjellskafeen Flye 1389 dørene for publikum. I 2019 var første etappe i utviklinga av fjellterminalen og attraksjonen Gjende klar til bruk. Begge prosjekta er gjennomført med økonomiske bidrag frå vertskommunar og fylkeskommune. På begge stader har Statens vegvesen gjort avtalar med engasjerte drivarar som sørger for eit godt servicetilbod til bilturistar og fjellfolk, avtalar som totalt sett også gir reduserte driftskostnader for veieigaren, Innlandet fylkeskommune.

Nasjonal turistveg Valdresflye følgjer 49 km av fylkesveg 51 mellom Hindsæter i Sjødalen og Garli innanfor Beitostølen, med avstikker til Gjende og den velkjente fotturen over Besseggen. Dei første turistvegtiltaka kom på kvar side av høgfjellovergangen i 2006. Raste- og utsiktsplassane Rjupa med vid utsikt mot Vinstervatnet, og Vargebakkane med utsikt mot Knutshø, er begge teikna av arkitekten Knut Hjeltnes.


Med lågmeldt arkitektur og respekt for naturen på Gjende/Reinsvangen og Valdresflye set Hjeltnes sin signatur på heile denne turistvegen.

Tiltaka og drifta på Gjendeosen og Reinsvangen utgjer ein heilskap der den utvida parkeringsplassen ved Reinsvangen har gjort det mogeleg å fjerna bilparkeringa og reparera sår i landskapet på Gjendeosen. I totalen inngår publikumstoalletta på Reinsvangen og Gjendeosen og eit tilbod om skyttelbuss som sørger for trygg transport mellom parkeringsplassen og Gjendebrygga. I drivaren sitt opplegg inngår godt vertskap med vekt på å gjera det enklast mogeleg å vera trafikant.

Arkitekt Hjeltnes har så godt som planane klare for servicebygget som skal erstatta dagens kafé ved Gjendevatnet. Dette kvalitetsløftet kan gjennomførast i 2022 - 2023 så sant finansieringa går i orden og anlegget er sikra god og varig drift av eit engasjert vertskap.



Kart: Roger Ellingsen



Over eit 30-tals profilerte utanlandske media omtalte trappebrua og sin begeistring for norsk arkitektur og design i forbindelse med opninga av byggetrinn 2 Vøringsfossen i 2020.

Cafebygg på Fossetromma, planlagt i etappe 4. Arkitekt og illustrasjon: Carl-Viggo Hølmebakk AS.



Vøringsfossen – trinnvis sterkare turistveganlegg

Vøringsfossen har gjennom mange år vore eit velkjent, men slitt reisemål. Gjennom utviklinga av Nasjonal turistveg Hardangervidda får denne attraksjonen eit velfortent løft.

Sommaren 2020 kunne den andre av i alt fire etappar i turistvegsatsinga på Vøringsfossen takast i bruk. Arkitekt Carl Viggo Hølmebak si trappebru fekk massiv internasjonal begeistring, med sitt spesielle uttrykk og luftige svev over elva Bjoråa like før Vøringsfossen kastar seg ned avgrunnen. Men det kom også fram kritiske merknader mot ein slik konstruksjon i den ville og utemde naturen som har gjort Vøringsfossen til ein av dei mest besøkte naturattraksjonane i landet.

Vøringsfossen var knapt nok kjent av andre enn lokalbefolkninga før professor Christopher Hansteen drog over Hardangervidda i 1821. Etter kvart kom hotellet på Fossli, bilvegen, vasskraftutbygginga med regulering av fossen, ein ny riksvegtrase og den omfattande ferieutbygginga i Sysendalen. Om ikkje landskapet lenger er urørt, er framleis fossen, med sitt totale fall på 182 meter ned i den mektige Måbødalen og minstevassføring på 12 m³/sek (frå 1. juni til 15. september), ei kraftfull oppleving med stort besøk av bilturistar, turbussreisande og cruisepassasjerar.

Då Statens vegvesen i regi av Nasjonale turistvegar saman med fylkeskommunen, Hardangerrådet og Eidfjord kommune tok tak i attraksjonen, var området prega av stor slitasje og manglande sikring med dødsulykker til følgje. Det omfattande tiltaket er delt inn i fire etappar og tekne i bruk etter kvart som dei står ferdige.

- 1) 2018: Utsiktsplattformer, tilkomstvegar, toalett, parkeringsplass og informasjon på Fossli
- 2) 2020: Trappebrua, utsiktspunkt, sti og utbeta kløvvveg mellom Fossli og Fossetromma
- 3) 2022: Utsiktsplattformer, tydelege og sikre gangvegar, parkering og toalett på Fossetromma
- 4) 2024: Ny kafé og fullført trafikksystem på Fossetromma (avhengig av finansieringa)

Heile utbyggingsområdet er frå 2021 i offentleg eige i tråd med føresetnadene for den statlege turistvegsatsinga på dei store attraksjonane. Etappe tre starta opp i 2021. Planane for etappe 4 byrjar ta form, men finansieringa er per dato usikker. På sikt kan det også vera aktuelt å betra til tilhøva på dagens lett tilgjengelege og mykje brukte utsiktspunkt nedanfor Fossetromma.



- Ein edelstein i Statens vegvesen, uttalte John-Ragnar Aarset, statssekretær i Samferdselsdepartementet om Nasjonale turistvegar ved opninga av Vøringsfossen etappe 2. Foto: Trine Kanter Zerwekh.



Torghatten - tilrettelegging med nennsom hånd

Torghatten med sitt karakteristiske hull gjennom fjellet er et velkjent landemerke på Helgelandskysten. Her skal Statens vegvesen, i samarbeid med Brønnøysund kommune og med bidrag fra Nordland fylkeskommune, videreutvikle en viktig attraksjon i det norske reiselivsproduktet.

Torghatten er den niende av de ti særskilte nasjonale attraksjonene som får nødvendig oppgradering og løft gjennom Statens vegvesens turistvegprogram. De ti særskilte attraksjonene regnes som fyrstårn i det norske reiselivsproduktet med stor betydning for reiselivsnæringen. Attraksjonene kjennetegnes av sine naturkvaliteter og interessante historier.

Det spektakulære hullet i Torghatten er som en mektig katedral - 41 meter høy, 166 meter lang og 18 meter bred. Stien rundt fjellet og gjennom Torghatthullet byr på stor-slått utsikt mot øylandskapet. På grunn av rasfare skjer ferdsel på eget ansvar.

En reguleringsplan som gir de nødvendige arealavklaringer ble vedtatt i 2020. Mer detaljerte planer som skal omsettes til fysiske forbedringer er kommet langt. Det er også gjennomført geologiske undersøkelser som basis for å kunne trygge ferdselen gjennom hullet. For Torghatten, som for de andre store attraksjonene, er målet å ta vare på de unike naturkvalitetene, sørge for opplevelsesrik og sikker ferdsel samt å tilby god service i arkitektonisk spennende byggverk.

Tiltakene som planlegges for prosjektet Torghatten er

- nødvendig fjellsikring og omlegging av sti for å unngå rasutsatte områder.
- utbedre stien, bygge sherpatrappes og løsninger for overvann. Stien breddes til minimum 1,8 m og skal tilpasses de naturlige terrengformasjonene
- et serviceområde ved foten av fjellet med god kobling til stiene og rastemuligheter
- et arkitekttegnet sørvisbygg med toaletter, informasjon og utstillinger
- parkeringsplass med god kapasitet

Sørvisbygget blir en trekonstruksjon der takbjelkene filtrerer dagslyset på ulikt vis gjennom dagen og gir et variert skyggespill. Bygget blir godt synlig for tilreisende, og danner det naturlige startpunktet for vandringene.

Med nødvendige tillatelser kan fjellsikring gjennomføres allerede i 2021. Arbeidsmålet er at hele anlegget skal stå ferdig i 2024.

1. Fra servicebygget med toaletter og utstillinger ved foten av Torghatten, går stien til Torghatten og det karakteristiske hullet i fjellet. Arkitekt og illustrasjon: Atelier Oslo.
2. Stier og trapper opp til og videre inn i hullet i Torghatten. Arkitekt og illustrasjon: Østengen & Bergo AS Landskapsarkitekter MNLA.
3. Oppe! Utsikt fra hullet i Torghatten mot øyriket i havet utenfor. Foto: Jarle Wæhler.



Roni Horns kunstinnsjallasjon (til venstre) i form av to glasspilarer i Havøysund. Naustet som omslutter verket (over) er tegnet av Jensen & Skodvin Arkitekter AS. Foto av modell: Alexander Salim, Jensen & Skodvin. Foto kunstbygg Havøysund: Bjørn Hansen.

Kunst i verdensklasse på Finnmarkskysten

Når Statens vegvesen åpner Roni Horns kunstverk i 2021 i Havøysund, er Finnmark som besøksmål styrket med nok en kunstinstallasjon av kunstner med verdensry. Dette er ti år etter at HM Dronning Sonja åpnet Steilneset minnested i Vardø.

De nasjonale turistvegene til Varanger og Havøysund i Europas utkant byr på opplevelser av karrig natur, ishav, polarlys og arktisk klima, men også interessante bosettinger og særegen kulturhistorie. Med Roni Horns nye glassinstallasjon i Havøysund og Louis Bourgeois gripende kunstverk på Steilneset i Vardø, byr de også på kunst av monumental og global karakter. Begge er amerikanske kunstnere og rangeres blant de ypperste i verden. Begge har fått bistand fra dyktige arkitekter av internasjonalt kaliber. Det ene kunstverket er inspirert av dramatiske og historiske hendelser, det andre av den polare naturen.

Roni Horn har sin base i New York og er en av vår tids mest ettertraktete kunstnere. Hennes arbeider vises i prestisjetunge museer og kunstgallerier verden over. Hun er opprinnelig fotograf, men har i en årrekke arbeidet med forskjellige medier som skulptur og tegning. Ikke minst er hun kjent for sine skulpturer i glass. Vegen til Havøysund er preget av transparens og lys, midnattssol, nordlys og vintermørke. Roni Horns installasjon består av to glassobjekter som spiller på lysets variasjoner. Kunstverket omslutes av et enkelt trehus der det naturlige lyset fra taket sammen med det mørke interiøret i torv vil bidra til unike og skiftende stemninger i takt med naturens og årets rytmer. Huset er tegnet av Jensen & Skodvin arkitekter.

Louise Bourgeois' installasjon på Steilneset minnested, «The Possessed, the Damned and the Beloved», er en brennende stol omkranset av høye speil. Kunstverket symboliserer enkeltskjebners og hele generasjoners lidelse under trolldomsforfølgelsene i Finnmark på 1600-tallet. Professor Liv Helene Willumsens sterke gjengivelse av de gamle rettsprotokollene beveget Louise Bourgeois og førte fram til et enestående samarbeid mellom henne og den verdenskjente kunstneren og arkitekten Peter Zumthor. Glassbygget som rommer kunstverket og langbygget med gjengivelse av domsavsigelsen for de 91 som ble henrettet, er blitt en etablert attraksjon blant historie-, arkitektur- og kunstinteresserte fra hele verden.

De kunstneriske installasjonene langs nasjonale turistveger skal invitere til både naturopplevelse og ettertanke, med basis i strekningenes særpreg. Med Roni Horns verk er det så langt kunst på ti av de atten turistvegene, herunder kunstverkene i regi av Skulpturlandskap Nordland.



*Louise Bourgeois' kunstverk i Vardø.
Foto: Jarle Wæhler.*

Økonomi og framdrift

Utviklinga av attraksjonen Nasjonale turistvegvar starta opp i 1994 etter eit initiativ frå Stortinget om å sjå nærare på kombinasjonen veg og reiseliv. På bakgrunn av erfaringane frå eit prøveprosjekt ga Stortinget i 1998 Statens vegvesen klarsignal til å vidareføra arbeidet. Satsinga er sidan følgt opp av Regjeringa og Stortinget gjennom mange generasjonar Nasjonale transportplanar og dei årlege statsbudsjetta for Samferdselsdepartementet.

I 2012 blei dei 18 strekningane med ei lengde på 1991 km skilta som Nasjonale turistvegvar. Etter den tid er lengda auka til 2151 km som følgje av justering av Nasjonal turistveg Ryfylke og turistvegstatus på elleve avstikkarar.

I satsinga inngår ei gjennomgripande opprusting og kvalitetsheving av i alt ti særskilte attraksjonar langs turistvegane. Dei fleste av desse har gjennom mange år vore nytta som fyrårn i marknadsføringa av det norske reiselivsproduktet til tross for stor slitasje, mangelfull tilrettelegging og dårleg tryggleik.

Turistvegsatsinga er eit kontinuerleg utviklingsarbeid. For å kunna tilby ein så interessant attraksjon som mogeleg, blir det heile tida lagt stor vekt på justera det totale konseptet innanfor den økonomiske ramma i Nasjonal transportplan 2018 - 2029. Denne fleksibiliteten har betydning for kva slags og kor mange tiltak som vil vera gjennomført i 2023 og 2029.


Seksårsperioden 2018 - 2023 inneheld ei portefølje av 46 nye tiltak, alt frå reiselivsikona Vøringsfossen, Gjende og Torghatten til fuglekikkarskjul og små fotostopp. Tre av desse vil først vera fullført til sommarsesongen 2024. 16 prosjekt blei gjennomført i 2018-2020. For Vøringsfossen og Gjende blei tre av seks etappar fullført og kunne takast i bruk. I vidareutviklinga av attraksjonen 2024 - 2029 inngår ytterlegare 32 tiltak.

| 10 SÆRSKILTE ATTRAKSJONAR | NASJONAL TURISTVEG | FYLKE | FULLFØRT ÅR |
|---------------------------|-----------------------|-------------------|-------------|
| Gudbrandsjuvet | Geiranger-Trollstigen | Møre og Romsdal | 2010 |
| Steilneset | Varanger | Troms og Finnmark | 2011 |
| Trollstigen | Geiranger-Trollstigen | Møre og Romsdal | 2012 |
| Steinsdalsfossen | Hardanger | Vestland | 2014 |
| Eldhusøya | Atlantehavsvegen | Møre og Romsdal | 2014 |
| Allmannajuvet | Ryfylke | Rogaland | 2016 |
| Vøringsfossen | Hardangervidda | Vestland | 2023 |
| Gjende | Valdresflye | Innlandet | 2023 |
| Torghatten | Helgelandskysten | Nordland | 2024 |
| Låtefossen | Hardanger | Vestland | 2026 |

RESSURSINNSATS FOR GOD TURISTVEGKVALITET I 2023 OG FULLFØRT PROGRAM INNAN 2029 (MILL. 2021 KR)

| | 1994-2017 | 2018-2023 | 2024-2029 | 1994-2029 SUM |
|------------------------|-------------|-------------|------------|------------------|
| Nasjonale turistvegvar | 2650 | 1080 | 620 | 4350 |
| Andre | 330 | 130 | 40 | 500 |
| Sum | 2980 | 1210 | 660 | 4850 |

PLANLAGT FRAMDRIFT 1994 - 2023 - 2029




UTVIKLING AV INNHALDET PÅ TURISTVEGSTREKNINGANE

| Type tiltak | Fullførte prosjekt ved utgangen av | | | |
|--|------------------------------------|------------|------------|------------|
| | 2013 | 2017 | 2023 | 2029 |
| Store attraksjonar | 3 | 6 | 8 | 10 |
| Rasteplassar/utsiktspunkt | 80 | 89 | 118 | 143 |
| Kunstverk i regi av NT | 2 | 5 | 9 | 14 |
| Tiltak ved bedrifter, opplevingar, tettstader og ferjeleie | 36 | 43 | 51 | 54 |
| Sum | 121 | 143 | 186 | 221 |

Fornyngar og vidareutvikling av gjennomførte tiltak kjem i tillegg og vil krevja stadig meir ressursar. Tap av turistvegkvalitet som følgje av andre utbyggingstiltak og andre forhold vil kunna føra til at etablerte tiltakspunkt må sanerast og at planlagde tiltak kan gå ut. Statistikk-ken vil derfor kunna bli justert frå år til år. Tre av dei 46 tiltaka i porteføljen for 2018 - 2023 er først venta fullført i 2024. Til og med 2020 er det fullført i alt 159 turistvegprosjekt.

TURISTVEGOMSETNINGA 2006 - 2013 OG 2014 - 2021 (2021-KRONER)



Midlar frå andre til og med 2013 (208 mill. kr) er i stor grad knytt til dei store attraksjonane Gudbrandsjuvet, Trollstigen, Steinsdalsfossen, Eldhusøya og Allmannajuvet. I dei åtte åra 2014 - 2021 utgjer innsatsen frå andre 220 mill. kr. (2021-kroner). Dei største tilskotta er bidraga til attraksjonane Vøringsfossen og Gjende og til gjennomføring av Ostasteidn (Ryfylke), Skjervsfossen (Hardanger) og Flye 1389 (Valdresflye).

TURISTVEGSATSINGA 1994 - 2017 - 2023 - 2029. FYLKESFORDELING (2021 KRONER)

| Fylke | Lengde km | 1994-2017 mill.kr | 2018-2023 mill.kr | 2024-2029 mill.kr. | 1994-2029 mill.kr. |
|-------------------|--------------|----------------------|----------------------|-----------------------|-----------------------|
| Innlandet | 196 | 170 | 275 | 105 | 550 |
| Rogaland | 280 | 385 | 75 | 30 | 490 |
| Viken | 18 | 0 | 5 | 0 | 5 |
| Vestland | 469 | 615 | 485 | 230 | 1330 |
| Møre og Romsdal | 137 | 750 | 0 | 90 | 840 |
| Nordland | 722 | 395 | 170 | 80 | 645 |
| Troms og Finnmark | 329 | 335 | 70 | 85 | 490 |
| Sum | 2151 | 2650 | 1080 | 620 | 4350 |

Den relativt store satsinga i Møre og Romsdal heng saman med at dette fylket har 3 av dei 10 særskilte attraksjonane, deriblant Trollstigen. Vestland har også 3 særskilte attraksjonar med Vøringsfossen som den største. Dei siste fordeler seg på Innlandet, Rogaland, Nordland og Troms og Finnmark. Nordland er det fylket som har flest km turistveg.

NASJONALE TURISTVEGAR - STREKNINGAR OG LENGDER

| Namn | Nasjonal turistveg | Lengde (km) |
|-------------------------|--|-------------|
| Rondane | Venabygdsfjellet - Enden - Fолldal, Sollia kirke - Enden | 75 |
| Valdresflye | Garli - Hindsæter med avstikkar til Gjende | 49 |
| Jæren | Ogna - Bore | 41 |
| Ryfylke | Oanes - Lovraeidet - Hårå med avstikkar til Sand | |
| | Lovraeidet - Sauda - Hordalia med veg til Ropeid | 267 |
| Hardanger | Granvin - Steinsdalsfossen og gamlevegen gjennom Skjervet | |
| | Norheimsund - Tørrvikbygd, Jondal - Utne, Kinsarvik - Låtefoss | 165 |
| Hardangervidda | Eidfjord - Haugastøl | 67 |
| Aurlandsfjellet | Aurlandsvangen - Lærdalsøyri | 47 |
| Sognefjellet | Lom - Gaupne | 108 |
| Gaularfjellet | Balestrand - Eldalsosen - Moskog, Eldalsosen - Sande | 114 |
| Gamle Strynefjellsvegen | Grotli - Videsæter | 27 |
| Atlantehavsvegen | Kårvåg - Bud | 36 |
| Geiranger - Trollstigen | Langevatn - Sogge bru | 104 |
| Helgelandskysten sør | Holm - Godøystraumen med avstikkar til Torghatten | 434 |
| Lofoten | Å - Raftsundet med avstikkarar til Nusfjord, | |
| | Vikten, Utakleiv, Unstad, Eggum og Henningsver | 230 |
| Andøya | Bjørnskinn - Andenes | 58 |
| Senja | Gryllefjord - Botnhamn med avstikkar til Mefjordver og Husøya | 102 |
| Havøysund | Kokelv - Havøysund | 67 |
| Varanger | Varangerbotn - Hamningberg | 160 |
| Sum | | 2151 |

Av den totale lengda på 2151 km er 613 km riksveg og 1538 km fylkesveg.

DISPONERING AV TURISTVEGMIDLANE


| | 2020 | 2021 |
|--|--------------|--------------|
| Løyving | 188,0 | 170,0 |
| Overført frå forrige år | 26,1 | 24,9 |
| Mindreforbruk | -24,9 | 0,0 |
| Til disposisjon | 189,2 | 194,9 |
| Sum fellesutgifter | 18,9 | 21,0 |
| Turistvegseksjonen | 15,5 | 16,4 |
| Rådgiving, kvalitetssikring, profilering | 3,4 | 4,6 |
| Sum tiltak på strekningane | 170,3 | 173,9 |
| Planlegging og anlegg nye prosjekt | 155,7 | 157,0 |
| Turistveginformasjon og utstyr | 3,4 | 3,3 |
| Vedlikehold og fornying av eks. stopp | 10,0 | 13,1 |
| Planbistand til andre aktørar | 1,2 | 0,5 |

Fellesutgiftene utgjør 12-13 % av løyvinga. Fornyng av eksisterande stopp er ein post som er nødvendig for å halda oppe kvaliteten på turistattraksjonen Nasjonale turistvegar etter kvart som tida går og stadig fleire anlegg står ferdig og treng oppfølging. Løyvinga i 2020 er summen av 160 mill.kr. som årleg løyving på statsbudsjettet og 28 mill.kr. som ekstra midlar som følgje av Covid19.

PLANSITUASJONEN

Plansituasjon og føresettt anleggsperiode for dei 46 tiltaka som skal sørgja for at Nasjonale turistveggar står fram som ein heilskapleg turistattraksjon i tråd med bestillinga i Nasjonal transportplan går fram av tabellen nedanfor. Tre av prosjekta vil ikkje kunna stå ferdige før tidlegast i 2024 som følgje av krevjande avklaringar og økonomiske forhold.

| Strekning | Prosjekt | Innhold | Status februar 2021 | Anlegg | |
|-------------------|--|---|--|--------|--------------------|
| | | | | 18-20 | 21-23 |
| Rondane | Kjøllen Muen | Utsikt/kunst Rast / parkering | Forprosjekt Forprosjekt | | |
| Valdresflye | Flye 1389 Gjende | Kafe, rast, parkering Parkering, WC, brygge Servicebygg / Kafe | Fullført Fullført Byggeplan | | |
| Jæren | Madland hamn Ogna / Madland Refnesstranda Borestranda | Rast / toalett Rast / kunst Parkering / toalett Parkering / toalett | Byggeplan Program Fullført Fullført | | |
| Ryfylke | Høllesli Ostasteidn Ropeid Hylsskaret Fløsefossen | Utsikt Rast / toalett Rast Rast / sti Rast / toalett | Fullført Fullført Anlegg Skisse Anlegg | | |
| Hardangervidda | Vardestopp Ørteren Veahovda | Rast Rast Parkering/sti | Skisse Skisse Skisse | | |
| | Vøringsfossen | Utsikt / rast / toalett Trappebru / sti Utsikt/sti/toalett Kafe | Fullført Fullført Konkur. grl Skisse | | |
| | Måbø bru | Rast / fotopunkt | Forprosjekt | | |
| Hardanger | Tyrvefjora Espeneset Vangdal | Rast / toalett Rast / toalett Rast / sti | Anlegg Anlegg Anlegg | | |
| Aurlandsfjellet | Sluppen Røyernes | Rast / sti Rast / toalett | Skisse Skisse | | 2023-24 |
| Gaularfjellet | Hestad Eikelandsfossen | Rast / toalett Rast / sti | Anlegg Forprosjekt | | |
| Sognefjellet | Oscarshaug | Rast / toalett | Fullført | | |
| Atlanterhavsvegen | Farstadsanden | Toalett / parkering / sti | Fullført | | |
| Helgelandskysten | Sundshopen Trælvikosen Torghatten Sjønffjellet Grønsvik fort Ureddplassen | Rast / toalett Rast Parkering / service / sti Rast / toalett Rast Rast / toalett | Byggeplan Konkur. grl Forprosjekt Konkur. grl Fullført Fullført | | 2022-24 2023-24 |
| Lofoten | Hauklandstranda | Kafe / parkering | Forprosjekt | | |
| | Skreda | Rast / toalett | Fullført | | |
| | Brunstranda | Rast / toalett | Forprosjekt | | |
| | Moskenes | Toalett / venterom | Fullført | | |
| Andøya | Bukkekerka | Rast / toalett / sti | Fullført | | |
| Senja | Mefjordvær Senja | Rast / toalett Rast / kunst | Fullført Ikkje starta | | |
| Havøysund | Roni Horn | Kunst / sti | Anlegg | | |
| Varanger | Mortensneset | Parkering / landskap | Anlegg | | |
| | Kiberg | Rast / skjul | Fullført | | |
| | Domen | Rast / skjul | Fullført | | |
| | Hamingberg molo | Rast / skjul | Forprosjekt | | |
| | Hemmingberg | Toalett | Forprosjekt | | |



HAVØYSUND

VARANGER

SENJA

ANDØYA

LOFOTEN

HELGELANDS-KYSTEN

ATLANTERHAVS-VEGEN

GEIRANGER-TROLLSTIGEN

GAMLE STRYNEFJELLS-VEGEN

GAULAR-FJELLET

AURLANDSFJELLET

HARDANGER

RYFYLKE

JÆREN

RONDANE

SOGNEFJELLET

VALDRESFLYE

HARDANGERVIDDA



Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes

21-0226 visuell.kommunikasjon@vegvesen.no, Oppslag: 1000



Statens vegvesen